

3. kv. | 19

Statens
pensjonsfond
utland

Kvartalsrapport
2019

Hovudtal

1,6 %

236 milliardar kroner

Statens pensjonsfond utland fekk ei avkastning på **1,6** prosent, eller **236** milliardar kroner, i tredje kvartal 2019.



Aksjeinvesteringar

—
1,3 %



Unoterte
eigedomsinvesteringar

—
1,6 %



Renteinvesteringar

—
2,4 %

Avkastninga på fondet sine aksjeinvesteringar var på **1,3** prosent.
Investeringar i unotert eigedom fekk ei avkastning på **1,6** prosent.
Avkastninga for renteinvesteringane var **2,4** prosent.

Avkastninga på investeringane var på linje med avkastninga på referanseindeksen som fondet blir målt mot.

9 742

milliardar kroner

Ved utgangen av kvartalet var marknadsværdien av fondet **9 742** milliardar kroner. Fondet var investert med **69,1** prosent i aksjar, **2,8** prosent i unotert eigedom og **28,2** prosent i rentepapir.



Aksjeinvesteringar

69,1 %



**Unoterte
eigedomsinvesteringar**

2,8 %



Renteinvesteringar

28,2 %

Innhald

1

INVESTERINGANE

Aksjar _____ 6

Eigedom _____ 8

Renter _____ 11

2

FORVALTNINGA

Forvaltninga _____ 13

Risiko _____ 15

Ansvarleg forvaltning _____ 17

3

HOVUDTAL OG REKNESKAP

Hovudtal _____ 19

Rekneskapsrapportering _____ 21

Notar _____ 27

Revisjonsmelding _____ 51

Investeringane

Aksjar

Aksjeinvesteringane, som utgjorde 69,1 prosent av fondet ved utgangen av kvartalet, fekk ei avkastning på 1,3 prosent. Aksjeavkastninga var positiv trass i relativt svake tal for global industriaktivitet gjennom kvartalet. Faktiske og forventa pengepolitiske letter i USA og eurosona, og store fall i lange renter påverka truleg også dei globale aksjeprisane. Det var også uvisse knytt til dei handelspolitiske forhandlingane mellom USA og Kina, attåt Storbritannia si utmelding av EU.

Positiv avkastning i hovudmarknadene


Nordamerikanske aksjar hadde ei avkastning på 2,9 prosent i kvartalet og stod for 42,3 prosent av fondet sine aksjeinvesteringar. Avkastninga

for aksjar notert i USA var på 2,9 prosent, tilsvarande 1,2 prosent målt i lokal valuta. USA var fondet sin største enkeltmarknad og stod for 40,0 prosent av aksjeinvesteringane.

Europeiske aksjar hadde nullavkastning i kvartalet. Totalt var 33,0 prosent av fondet sine aksjeinvesteringar plasserte i europeiske selskap. Aksjar noterte i Storbritannia hadde ei avkastning på -0,2 prosent. I lokal valuta var avkastninga 1,3 prosent. Dette er den største europeiske marknaden fondet har. 8,5 prosent av aksjeinvesteringane var plasserte her.

Aksjar i Asia og Oseania hadde ei avkastning på 0,8 prosent og utgjorde 22,0 prosent av fondet sine aksjeinvesteringar. Avkastninga for japanske

Figur 1 Kursutviklinga i regionale aksjemarknader. Målt i amerikanske dollar, med unntak av Stoxx Europe 600, som er målt i euro. Indeksert totalavkastning 31.12.2018 = 100



Kjelde: Bloomberg

Figur 2 Kursutviklinga i ulike aksjesektorar i FTSE Global All Cap-indeksen. Målt i amerikanske dollar. Indeksert totalavkastning 31.12.2018 = 100



Kjelde: FTSE Russell

aksjar var på 4,9 prosent, tilsvarande 3,4 prosent målt i lokal valuta. Japanske aksjar utgjorde 8,6 prosent av aksjeinvesteringane.

Aksjar i framveksande marknader hadde ei avkastning på -1,3 prosent i kvartalet. Til saman var 10,9 prosent av fondet sine aksjeinvesteringar plasserte i framveksande marknader. Den kinesiske aksjemarknaden fekk ei avkastning på -2,1 prosent. Totalt var 3,9 prosent av fondet sine aksjeinvesteringar plasserte her.

Sterkast avkastning for kraft- og vassforsyningsselskap

Kraft- og vassforsyningsselskap hadde den sterkaste avkastninga i kvartalet, med 6,2 prosent. Lågare lange renter i dei globale

finansmarknadene, spesielt i Europa og USA, bidrog positivt til avkastninga i sektoren.

Telekommunikasjonsselskap hadde ei avkastning på 4,0 prosent i kvartalet. Ein marknadsrotasjon mot selskap med stabile kontantstraumar underbygde utviklinga i kvartalet. Avkastninga var spesielt sterk for dei store amerikanske telekommunikasjonsselskapa.

Teknologiselskap hadde ei avkastning på 3,9 prosent. Avkastninga var driven av sterk aksjeprisutvikling for halvleiarsselskap som følgje av forventning om betra balanse mellom tilbod og etterspørsel.

Tabell 1 Avkastninga på fondets aksjeinvesteringar i tredje kvartal 2019. Fordelt etter sektor. Målt i internasjonal valuta. Prosent

Sektor	Avkastning	Del av aksjebeholdningane ¹
Finans	1,2	23,5
Teknologi	3,9	13,9
Industri	0,1	13,2
Konsumvarer	2,8	12,1
Helse	0,9	10,9
Konsumtenester	1,6	10,7
Olje og gass	-4,0	5,3
Material	-3,9	4,4
Kraft- og vassforsyning	6,2	2,9
Telekommunikasjon	4,0	2,9

¹ Summerer seg ikkje til 100 prosent fordi kontantar og derivat ikkje er inkluderte.

Tabell 2 Fondets største aksjebeholdningar per 30. september 2019. Millionar kroner

Selskap	Land	Behaldning
Microsoft Corp	USA	94 908
Apple Inc	USA	93 229
Nestlé SA	Sveits	75 342
Alphabet Inc	USA	74 333
Amazon.com Inc	USA	66 545
Royal Dutch Shell PLC	Storbritannia	52 971
Roche Holding AG	Sveits	50 838
Novartis AG	Sveits	43 099
Facebook Inc	USA	41 927
Berkshire Hathaway Inc	USA	38 256

Olje- og gasselskap hadde ei avkastning på -4,0 prosent. Lågare olje- og gassprisar bidrog til den svake avkastninga. Høgare gassproduksjon bidrog til fallet i gassprisen, medan lågare forventa etterspørsel etter olje, som følgje av svakare vekst i globalt bruttonasjonalprodukt, bidrog til lågare oljepris.

Enkeltinvesteringar

Investeringa i teknologiselskapet Apple Inc bidrog mest positivt til avkastninga i tredje kvartal, følgt av investeringane i teknologiselskapa Alphabet Inc og konsumvareselskapet Nestlé SA. Enkeltelskapa som bidrog mest negativt til avkastninga, var konsumtenesteselskapet Amazon.com Inc, oljeselskapet Royal Dutch Shell Plc og teknologiselskapet SAP SE.

Fondet deltok i 39 børsnoteringar i kvartalet. Den største børsnoteringa i marknaden der fondet kjøpte aksjar, var i konsumvareselskapet Budweiser Brewing Company APAC Ltd, teknologiselskapet TeamViewer AG og helseselskapet SmileDirectClub Inc. Dei største deltakingane fondet hadde i børsnoteringar, var i Budweiser Brewing Company APAC Ltd, finansselskapet EQT AB og konsumtenesteselskapet Peloton Interactive Inc.

AVKASTNING MÅLT I INTERNASJONAL VALUTA

Fondet investerer i internasjonale verdipapir i utanlandsk valuta. Fondsavkastninga blir primært målt i internasjonal valuta, det vil seie ei vekta samansetjing av valutaene i fondet sine referanseindeksar for aksjar og obligasjonar. Denne samansetjinga blir omtalt som valutakorga for fondet og bestod av 36 valutaer ved utgangen av tredje kvartal 2019. Om ikkje anna er opplyst i teksten, er resultatmålinga gjort i valutakorga for fondet.

Eigedom

Fondet sine samla investeringar i eigedom utgjorde 3,9 prosent av fondet ved utgangen av tredje kvartal. Avkastninga var 3,1 prosent i kvartalet. I forvaltninga er unoterte og noterte eigedomsinvesteringar forvalta som ein samla strategi for eigedom.

Investeringane i unotert eigedom utgjorde 70,0 prosent av eigedomsinvesteringane og fekk i kvartalet ei avkastning på 1,6 prosent. Avkastninga på dei unoterte eigedomsinvesteringane fondet har, er påverka av leigeinntekter, driftskostnader, verdiendringar på eigedom og gjeld, endringar i valutakursar og transaksjonskostnader for kjøp og sal av eigedom. Løpande leigeinntekter fråtrekt driftskostnader bidrog positivt til resultatet med

1,0 prosentpoeng målt i lokal valuta. Verdiendringar på eigedom og gjeld bidrog med 0,8 prosentpoeng målt i lokal valuta. Valutaendringar hadde ein påverknad på avkastninga med -0,2 prosentpoeng i tredje kvartal.

I juli annonserte fondet sal av Prelude-bygget i bydelen Boulogne-Billancourt utanfor Paris. Fondet vil få 49 millionar euro, tilsvarande rundt 479 millionar kroner, for eigardelen sin på 50 prosent. Eigedommen vart kjøpt i 2011 i partnerskap med AXA France.

Børsnotert eigedom utgjorde 30,0 prosent av eigedomsinvesteringane ved utgangen av tredje kvartal og fekk i kvartalet ei avkastning på 7,1 prosent.

Tabell 3 Verdien av eigedomsinvesteringane per 30. september 2019. Millionar kroner

	Verdi ¹
Unoterte eigedomsinvesteringar	268 459
Børsnoterte eigedomsinvesteringar	115 133
Samla eigedomsinvesteringar	383 592

¹ Inkludert bankinnskott og andre fordringar.

Tabell 4 Avkastning på unoterte eigedomsinvesteringar i tredje kvartal 2019. Prosentpoeng

	Avkastning
Leigeinntekter	1,0
Verdiendringar	0,8
Transaksjonskostnader	0,0
Resultat av valutajusteringar	-0,2
Totalt	1,6

Renter

Renteinvesteringane utgjorde 28,2 prosent av fondet ved utgangen av tredje kvartal og fekk ei avkastning på 2,4 prosent.

Utviklinga i rentemarknadene frå første halvår med lågare renter, heldt fram i tredje kvartal. Det var letter i pengepolitikk i dei fleste valutaer, og forventingar om ytterlegare tiltak frå sentralbankar.

Sterkast avkastning for britiske statsobligasjonar

Statsobligasjonar fekk ei avkastning på 2,8 prosent og utgjorde 53,1 prosent av fondet sine renteinvesteringar ved utgangen av kvartalet. Dei tre største beholdningane fondet hadde av statsobligasjonar, bestod av obligasjonar utferda av USA, Japan og Tyskland.

Amerikanske statsobligasjonar fekk ei avkastning på 4,6 prosent. I lokal valuta var avkastninga 2,8 prosent. Amerikanske statsobligasjonar stod for 21,1 prosent av renteinvesteringane og var den største beholdninga fondet hadde av statsgjeld frå ein enkeltutferdar. Den amerikanske sentralbanken kutta renta to gonger i kvartalet, begge gonger med 0,25 prosentpoeng. Ved utgangen av kvartalet var det prisa inn ytterlegare kutt i styringsrenta i fjerde kvartal, og neste år.

Euro-denominerte statsobligasjonar, som utgjorde 10,7 prosent av renteinvesteringane, fekk ei avkastning på 0,8 prosent. I lokal valuta var avkastninga 3,4 prosent. Den europeiske sentralbanken vedtok ei ny stimulanspakke i september, der blant anna renta på innskot frå bankar vart senka med 0,1 prosentpoeng til minus 0,5 prosent, og det kvantitative programmet for letter vart starta opp att.

Tabell 5 Avkastninga på fondets renteinvesteringar i tredje kvartal 2019. Fordelt etter sektor. Målt i internasjonal valuta. Prosent

Sektor	Avkastning	Del av renteinvesteringane ¹
Statsobligasjonar ²	2,8	53,1
Statsrelaterte obligasjonar ²	0,5	12,8
Realrenteobligasjonar ²	2,1	5,7
Selskapsobligasjonar	3,0	24,3
Pantesikra obligasjonar	-1,0	5,7

¹ Summerer seg ikkje til 100 prosent fordi kontantar og derivat ikkje er inkludert.

² Nasjonale statar utferdar fleire typar obligasjonar, og desse blir grupperte i ulike kategoriar for fondets renteinvesteringar. Obligasjonar som er utferda av eit land i landets eigen valuta, blir klassifiserte som statsobligasjonar. Obligasjonar som er utferda av eit land i eit anna lands valuta, inngår i kategorien statsrelaterte obligasjonar. Realrenteobligasjonar som er utferda av eit land, inngår i kategorien realrenteobligasjonar.

Tabell 6 Fondets største obligasjonsbeholdningar per 30. september 2019. Millionar kroner

Utferdar	Land	Beholding
Amerikanske stat	USA	685 370
Japanske stat	Japan	199 878
Tyske stat	Tyskland	80 846
Franske stat	Frankrike	76 304
Britiske stat	Storbritannia	69 757
Spanske stat	Spania	51 717
Sørkoreanske stat	Sør-Korea	48 022
Meksikanske stat	Mexico	44 009
Italienske stat	Italia	42 813
Kreditanstalt für Wiederaufbau	Tyskland	34 659

Britiske statsobligasjonar, som utgjorde 2,5 prosent av renteinvesteringane, fekk ei avkastning på 5,5 prosent. I lokal valuta var avkastninga 7,0 prosent. Framleis uvisse rundt Storbritannia si utmelding frå EU gjer at marknaden prisa inn stort sannsyn for pengepolitiske letter i Storbritannia.

Japanske statsobligasjonar, som utgjorde 7,1 prosent av renteinvesteringane, fekk ei avkastning på 1,7 prosent. I lokal valuta var avkastninga 0,3 prosent. Den japanske sentralbanken gjorde ingen endringar i pengepolitikken sin i kvartalet, men har signalisert at letter kan kome i fjerde kvartal.

Fondet er også investert i obligasjonar frå statsrelaterte institusjonar som Kreditanstalt für Wiederaufbau, Canada Mortgage & Housing Corp og Province of Ontario. Statsrelaterte


obligasjonar hadde ei avkastning på 0,5 prosent og utgjorde 12,8 prosent av renteinvesteringane.

Selskapsobligasjonane fekk ei avkastning på 3,0 prosent og utgjorde 24,3 prosent av fondet sine renteinvesteringar ved utgangen av kvartalet. Det var små endringar i kredittpremien i kvartalet.

Dei pantesikra obligasjonane til fondet, som hovudsakleg bestod av obligasjonar med fortrinnsrett denominert i euro, utgjorde 5,7 prosent av renteinvesteringane frå fondet. Grunna svekkinga av euroen fekk dei ein avkastning på -1,0 prosent.


Realrenteobligasjonar fekk ei avkastning på 2,1 prosent og utgjorde 5,7 prosent av renteinvesteringane frå fondet. Forventingane til framtidig inflasjon, målt ved forskjellen på

Figur 3 Kursutviklinga for obligasjonar som er utferda i ulike valutaer. Målt i lokal valuta. Indeksert totalavkastning 31.12.2018 = 100



Kjelde: Bloomberg Barclays Indices

Figur 4 Utviklinga i rentene på tiårige statsobligasjonar. Prosent



Kjelde: Bloomberg

nominelle- og realrenter, er på låge nivå i dei fleste marknader.


Endringar i beholdninga av rentepapir

Investeringar i dollar, euro, pund og yen utgjorde 83,1 prosent av renteinvesteringane ved utgangen av tredje kvartal, mot 82,7 prosent ved inngangen til kvartalet.

Marknadsverdien av investeringane i rentepapir i framvekslande land sine valutaer utgjorde 7,7 prosent av investeringane, mot 7,9 prosent i førre kvartal.

I løpet av tredje kvartal auka marknadsverdien mest i fondet sine statsobligasjonar utferda av USA, Frankrike og Japan. Statsobligasjonar utferda av Tyskland, Brasil og Spania hadde størst reduksjon i marknadsverdi.

Figur 5 Kursutviklinga for ulike obligasjonar. Målt i amerikanske dollar. Indeksert totalavkastning 31.12.2018 = 100



Kjelde: Bloomberg Barclays Indices

Tabell 7 Fondets obligasjonar per 30. september 2019 fordelt etter kredittvurdering. Prosent av beholdninga

	AAA	AA	A	BBB	Lågare vurdering	Totalt
Statsobligasjonar	27,4	7,7	11,6	4,2	1,3	52,3
Statsrelaterte obligasjonar	5,1	5,3	1,6	0,6	0,1	12,6
Realrenteobligasjonar	4,5	0,6	0,3	0,3	0,0	5,7
Selskapsobligasjonar	0,2	1,5	9,5	12,4	0,2	23,9
Pantesikra obligasjonar	4,6	0,9	0,1	0,0	0,0	5,6
Totalt	41,8	16,0	23,1	17,5	1,6	100,0

Forvaltninga

Vi prøver å utnytte det langsiktige perspektivet og den monalege storleiken fondet har, for å skape høg avkastning og sikre verdier for framtidige generasjonar.


Avkastninga på fondet blir målt mot ein referanseindeks som er fastsett av Finansdepartementet og består av ein delindeks for aksjar og ein delindeks for obligasjonar. Referanseindeksen fungerer som ei overordna ramme for marknads- og valutarisiko i forvaltninga og som ein målestokk mot marknadsindeksar og fondsavkastninga. For aksjar tek indeksen utgangspunkt i den globale All Cap-indeksen frå FTSE Russell. For obligasjonar er indeksar frå Bloomberg Barclays Indices utgangspunktet.

I tredje kvartal var fondsavkastninga 0,01 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseindeksen frå Finansdepartementet.


Fondet investerer i børsnoterte aksjar, obligasjonar og unotert eigedom. Når vi kjøper eigedom, sel vi obligasjonar og aksjar i eit forhold som held valutarisikoen uendra. Det blir sett eigne referanseindeksar for aksje- og renteforvaltninga som er justert for obligasjonar og aksjar som er selde for å finansiere eigedomsforvaltninga. Dette gjer det mogleg å ha ei heilskapleg risikostyring av fondet. I forvaltninga er unoterte og noterte eigedomsinvesteringar forvalta som ein samla strategi for eigedom.

Den relative avkastninga blir broten ned på forvaltningsområda aksje-, rente- og eigedomsforvaltning og i tillegg ein allokeringseffekt mellom desse.

Figur 6 Kvartalsvis avkastning og akkumulert annualisert avkastning på fondet. Prosent



Figur 7 Kvartalsvis relativ avkastning og akkumulert annualisert relativ avkastning på fondet. Berekna på aggregerte aksje- og renteinvesteringar fram til og med 2016. Prosentpoeng



Aksjeforvaltninga bidrog med 0,02 prosentpoeng til den relative avkastninga i fondet i tredje kvartal. Investeringane innanfor sektorane teknologi og telekommunikasjon bidrog mest positivt til meiravkastninga i kvartalet, medan helsesektoren bidrog mest negativt. Fordelt på land var det aksjeinvesteringar i Kina som bidrog mest til det positive relative resultatet, medan amerikanske aksjar bidrog mest negativt.

Renteforvaltninga bidrog med -0,04 prosentpoeng til den relative avkastninga i fondet. Fondet sine investeringar i framveksande land bidrog negativt til den relative avkastninga av forvaltninga i tredje kvartal.

Eigedommsforvaltninga bidrog med 0,03 prosentpoeng til den relative avkastninga i fondet, målt mot aksjane og obligasjonane som utgjør finansieringa til eigedommsforvaltninga. Dei noterte eigedommsinvesteringane bidrog positivt til

meiravkastninga medan dei unoterte eigedommsinvesteringane hadde eit negativt bidrag.

Det relative resultatet kan også påverkast av ein allokeringseffekt mellom forvaltningsområda. I tredje kvartal var bidraget frå denne effekten uvesentleg.

Den relative avkastninga i fondet kan også brytast ned på aktivaklassar, der børsnoterte eigedommsinvesteringar er inkluderte i aksjeinvesteringane og investeringane i unotert eigedom blir målte mot referanseindeksen frå Finansdepartementet. Brotne ned på denne måten bidrog aksjeinvesteringane med 0,07 prosentpoeng, renteinvesteringane med -0,05 prosentpoeng og dei unoterte eigedommsinvesteringane med 0,00 prosentpoeng til den relative avkastninga i fondet. Allokeringseffekten mellom aktivaklassane var -0,02 prosentpoeng.

Tabell 8 Bidrag frå forvaltninga til den relative avkastninga på fondet i tredje kvartal 2019. Prosentpoeng

	Totalt
Aksjeforvaltninga	0,02
Renteforvaltninga	-0,04
Eigedommsforvaltninga	0,03
Allokeringseffekt	0,00
Totalt	0,01

Risiko

Samansetjinga av investeringane og svingingar i aksjekursar, valutakursar, rentenivå, kreditt-risikopåslag og eigedomsverdiar bestemmer marknadsrisikoen fondet tek. Det finst ingen enkeltmål eller -analysar som fullt ut kan beskrive marknadsrisikoen i fondet. Vi bruker derfor ulike måltal og risikoanalysar, som forventa volatilitet, faktoreksponering, konsentrasjons-analyse og likviditetsrisiko, for å få eit breiast mogleg bilete av marknadsrisikoen i fondet.

Forventa absolutt volatilitet for fondet, berekna ved det statistiske målet standardavvik, bruker tre års prishistorikk for å anslå kor mykje den årlege avkastninga på fondsinvesteringane normalt kan forventast å svinge. Ved utgangen av tredje kvartal var fondet sin forventa absolutte volatilitet på 7,7 prosent, eller om lag 750 milliardar kroner, mot 8,0 prosent ved inngangen til kvartalet.

Vi investerer i eigedom for å skape ein betre diversifisert portefølje. Vi forventar at eigedomsinvesteringane vil ha ein annan avkastningsprofil enn aksjar og obligasjonar både på kort og på lengre sikt. Den relative risikoen dette inneber, vil gje seg utslag i berekningane av forventa relativ volatilitet i forvaltninga. Sidan det ikkje finst daglege prisar for eigedomsinvesteringane våre, nyttar vi ein modell levert av MSCI for å berekne risikoen for dei unoterte eigedomsinvesteringane fondet har.

Finansdepartementet og hovudstyret i Noregs Bank har fastsett grenser for kor store avvik frå referanseindeksen fondet kan ha. Éi av grensene er forventa relativ volatilitet, som legg ei avgrensing på kor mykje avkastninga på investeringane kan forventast å avvike frå avkastninga på referanseindeksen for fondet. Alle fondet sine investeringar, også unoterte eigedomsinvesteringar, er inkluderte i

Tabell 9 Risiko og eksponering for fondet

	Grenser fastsette av Finansdepartementet	30.09.2019
Allokering	Aksjeporteføljen 60–80 prosent av fondet ¹	69,0
	Unotert eigedom inntil 7 prosent av fondet	2,8
	Obligasjonsporteføljen 20–40 prosent av fondet ¹	28,5
Marknadsrisiko	1,25 prosentpoeng forventa relativ volatilitet for fondets investeringar	0,3
Kredittrisiko	Inntil 5 prosent av renteinvesteringane kan ha lågare kredittvurdering enn kategori BBB-	1,6
Eigardel	Maksimalt 10 prosent av aksjar det er stemmerett for i eit børsnotert selskap i aksjeporteføljen ²	9,6

¹ Derivat er avbilda med den underliggjande økonomiske eksponeringa.

² Eigarskap i noterte og unoterte eigedomsselskap er unntatt frå dette.

berekninga av forventa relativ volatilitet og blir målte mot referanseindeksen for fondet, som består av globale aksje- og obligasjonsindeksar. Grensa for forventa relativ volatilitet for fondet er 1,25 prosentpoeng. Ved utgangen av kvartalet var den forventa relative volatiliteten i fondet 0,33 prosentpoeng.


Hovudstyret i Noregs Bank har sett ei grense for forventa ekstremavviksrisiko mellom avkastninga på fondet og tilhøyrande referanseindeks. Forvaltninga skal leggjast opp slik at forventa negativ relativ avkastning i ekstreme situasjonar ikkje skal overstige 3,75 prosentpoeng. Ved utgangen av tredje kvartal var ekstremavviksrisikoen på 1,48 prosentpoeng.

Operasjonell risikostyring


Hovudstyret i Noregs Bank fastset rammene for operasjonell risikostyring og internkontroll i Noregs Bank Investment Management. Hovudstyret har bestemt at det i løpet av ein tolv månaders periode skal vere mindre enn 20 prosent sannsyn for at operasjonelle risikofaktorar vil føre til ein finansiell effekt på 750 millionar kroner eller meir. Denne grensa markerer styret sin risikotoleranse.

Vi anslår kvart kvartal kor store tap eller vinstar vi vil kunne få på eitt års sikt som følgje av uønskete operasjonelle hendingar i og rundt forvaltninga. Anslaget er basert på hendingar som har skjedd og ei vurdering av framtidig

Figur 8 Forventa absolutt volatilitet for fondet. Prosent (venstre akse) og milliardar kroner (høgre akse)



Figur 9 Forventa relativ volatilitet for fondet. Basispunkt



risiko og representerer fondet si berekna operasjonelle risikoeksponering. I tredje kvartal var den estimerte operasjonelle risikoeksponeringa innanfor styret sin risikotoleranse. I kvartalet vart det registrert 62 uønskte operasjonelle hendingar. Samla sett gav hendingane ein estimert finansiell effekt på 26,3 millionar kroner.

Finansdepartementet har fastsett reglar for forvaltninga av fondet. Departementet skal orienterast ved vesentlege brot på spesifiserte rammer. Det vart ikkje avdekt nokon slike brot i løpet av kvartalet. Vi fekk i same periode heller ikkje noko varsel om vesentlege brot på marknadsreguleringar eller anna generell lovgjeving frå lokale tilsynsstyresmakter.

Ansvarleg forvaltning

Ansvarleg forvaltning stør målsetnaden fondet har, på to måtar. For det første søkjer vi å fremje langsiktig økonomisk utvikling i investeringane våre. For det andre søkjer vi å redusere den finansielle risikoen forbunde med den miljømessige og sosiale åtferda til selskap vi er investerte i. Derfor vurderer vi forhold knytte til selskapsstyring og berekraft som kan ha innverknad på avkastninga i fondet over tid. Vi integrerer desse problemstillingane i arbeidet vårt med prinsipp og standardar, i det langsiktige eigarskapet vårt og i investeringsverksemda vår.

Setje prinsipp

I løpet av kvartalet deltok vi i to offentlege høyringar knytte til ansvarleg forvaltning.

Som investor er det viktig at selskapa vi er investerte i, rapporterer oppdaterte data av høg kvalitet og at vi får tilgang til informasjon om selskapsstyring og berekraft. The European Corporate Reporting Lab vart oppretta av The European Financial Reporting Advisory Group for å stimulere til innovasjon knytt til selskapsrapportering og deling av god rapporteringspraksis. Vi har teke del i ein konsultasjon om dei framtidige prosjekta deira. Vi føreslo å fokusere på rapportering av menneskerettar i verdikjeda. Vi ser behov for å betre måltal for selskap si eksponering mot slik risiko. Vi støtta også forslaget om å sjå på koplinga mellom rapportering om berekraft og selskapsstyring og selskapa sine forretningsmodellar.

Vi sende også eit brev til Hong Kong-børsen som har føreslege å innføre obligatorisk rapportering knytt til berekraft og selskapsstyring. Vi støtta forslaget. I brevet vårt til børsen understrekar vi kor viktig det er for investorar at selskapa adresserer og rapporterer om materielle berekrafttema. Vi ønskjer velkomen fokuset på styret sitt ansvar og viser til forventingane våre til selskap om klimaendringar og antikorrupsjon.

Utøve eigarskap

Stemmegjeving er eit av dei viktigaste verkemidla vi har for å utøve eigarrettane våre. Vi stemte ved 1 332 generalforsamlingar i tredje kvartal. I løpet av kvartalet vurderte og stemte vi på 11 040 forslag.

Vi hadde 704 selskapsmøte i tredje kvartal. I halvparten av desse møta tok vi opp forhold knytte til selskapsstyring eller berekraft. Dei viktigaste forholda vi tok opp, gjaldt god styring av selskap, klimaendringar og andre miljøforhold, sosiale forhold, samansetjinga av styret og leiarløn.

Vi oppdaterte også forventingsdokumentet om antikorrupsjon med tydelegare forventingar om arbeidet selskapa gjer mot kvitvasking. Vi framhevar at selskap som er utsette for kvitvaskingsrisiko, bør ha interne retningslinjer og prosedyrar for å unngå kvitvasking.

Hovudtal

Tabell 10 Kvartalsvis avkastning. Målt i fondets valutakorg. Prosent

	3. kv 2019	2. kv. 2019	1. kv. 2019	4. kv. 2018	3. kv. 2018
Aksjeinvesteringar	1,27	2,99	12,22	-12,63	3,15
Unoterte eigedomsinvesteringar	1,56	0,80	1,72	1,08	1,89
Renteinvesteringar	2,36	3,07	2,87	1,28	-0,33
Avkastning på fondet	1,59	2,95	9,10	-8,26	2,05
Relativ avkastning på fondet (prosentpoeng)	0,01	-0,19	0,18	-0,07	-0,21
Forvaltningskostnader	0,01	0,01	0,01	0,01	0,01
Avkastning på fondet etter forvaltningskostnader	1,58	2,94	9,08	-8,27	2,04

Tabell 11 Historiske nøkkeltal per 30. september 2019. Annualiserte tal målt i fondets valutakorg

	Sidan 01.01.1998	Siste 15 år	Siste 10 år	Siste 5 år	Siste 12 måneder
Avkastning på fondet (prosent)	5,92	6,42	7,63	6,49	4,68
Årleg prisvekst (prosent)	1,78	1,87	1,73	1,38	1,39
Årlege forvaltningskostnader (prosent)	0,08	0,08	0,07	0,06	0,05
Netto realavkastning på fondet (prosent)	3,99	4,39	5,72	4,98	3,20
Faktisk standardavvik for fondet (prosent)	7,44	8,10	7,17	7,08	11,17
Relativ avkastning på fondet (prosentpoeng) ¹	0,24	0,15	0,27	0,17	-0,10
Faktisk relativ volatilitet for fondet (prosentpoeng) ¹	0,67	0,77	0,38	0,33	0,35
Informasjonsrate (IR) ^{1,2} for fondet	0,38	0,24	0,71	0,49	-0,23

¹ Berekna på aggregerte aksje- og renteinvesteringar fram til og med 2016.

² IR er forholdstalet mellom den gjennomsnittlege månadlege relative avkastninga på fondet og den faktiske relative volatiliteten i fondet. IR viser den relative avkastninga per relative risikoeining.

Tabell 12 Nøkkeltal. Milliardar kroner

	3. kv. 2019	2. kv. 2019	1. kv. 2019	4. kv. 2018	3. kv. 2018
Marknadsverdi					
Aksjeinvesteringar	6 729	6 348	6 186	5 477	5 732
Unoterte eigedomsinvesteringar	268	247	247	246	226
Renteinvesteringar	2 744	2 567	2 505	2 533	2 520
Marknadsverdien til fondet ¹	9 742	9 162	8 938	8 256	8 478
Påkomen, ikkje betalt, forvaltningsgodtgjersle ¹	-3	-2	-1	-5	-4
Eigars kapital ¹	9 739	9 160	8 937	8 251	8 474
Tilførsel/uttak av kapital ²	-5	6	8	29	12
Utbetalt forvaltningsgodtgjersle ²	0	0	-5	0	0
Avkastning av fondet	236	256	738	-655	174
Endring som følge av svingingar i kronekursen	349	-38	-60	405	-46
Endring i marknadsverdien	580	224	682	-222	140
Verdiutvikling f.o.m. første tilførsel i 1996					
Samla tilførsel av kapital ³	3 378	3 382	3 376	3 371	3 341
Avkastning av aksjeinvesteringar	3 546	3 383	3 203	2 545	3 234
Avkastning av unoterte eigedomsinvesteringar	80	76	73	69	66
Avkastning av renteinvesteringar	1 270	1 202	1 128	1 052	1 021
Samla forvaltningsgodtgjersle ⁴	-47	-46	-45	-44	-43
Endring som følge av svingingar i kronekursen	1 514	1 165	1 203	1 263	858
Marknadsverdien til fondet	9 742	9 162	8 938	8 256	8 478
Samla avkastning	4 897	4 660	4 404	3 666	4 321
Samla avkastning etter forvaltningskostnader	4 849	4 614	4 359	3 622	4 278

¹ Marknadsverdien til fondet er presentert i tabellen før påkomen forvaltningsgodtgjersle. Eigars kapital i rekneskapen er lik marknadsverdien til fondet fråtrekt påkomen, ikkje betalt, forvaltningsgodtgjersle.

² Utbetalt forvaltningsgodtgjersle er spesifisert på eiga linje, og ikkje inkludert under Tilførsel/uttak av kapital.

³ Samla tilførsel av kapital er presentert i tabellen justert for påkomen, ikkje betalt, forvaltningsgodtgjersle.

⁴ Forvaltningskostnader i dotterselskap, jf. Tabell 10.2 i rekneskapen, er ikkje ein del av forvaltningsgodtgjersla. Desse er alt trekte frå i samla avkastning, dvs. i avkastning før forvaltningsgodtgjersle.

Regnskaps- rapportering

REGNSKAP

Sammendrett delårsrapportering

Resultatregnskap _____	22
Balanse _____	23
Kontantstrømoppstilling _____	24
Oppstilling av endringer i eiers kapital ____	25

NOTER

Noter til sammendrett delårsrapportering

Note 1	Generell informasjon _____	27
Note 2	Regnskapsprinsipper _____	28
Note 3	Avkastning _____	29
Note 4	Inntekt/kostnad fra aksjer, obligasjoner og finansielle derivater _____	30
Note 5	Beholdninger av aksjer, obligasjoner og finansielle derivater _____	31
Note 6	Unotert eiendom _____	33
Note 7	Måling til virkelig verdi _____	37
Note 8	Investeringsrisiko _____	42
Note 9	Gevinst/tap valuta _____	47
Note 10	Forvaltningskostnader _____	48

REVISOR

Revisors uttalelse _____	51
--------------------------	----

Resultatregnskap

Beløp i millioner kroner	Note	3. kvartal 2019	3. kvartal 2018	Hittil i år 30.09.2019	Hittil i år 30.09.2018	2018
Resultat fra porteføljen før gevinst/tap valuta						
Inntekt/kostnad fra:						
- Aksjer	4	163 582	175 591	1 008 382	173 155	-517 214
- Obligasjoner	4	69 242	-5 543	214 200	-15 627	14 568
- Unotert eiendom	6	4 355	4 063	11 217	12 860	16 421
- Finansielle derivater	4	-264	-269	543	1 269	2 819
- Utlån med sikkerhetsstillelse		843	1 183	2 955	3 995	4 733
- Innlån med sikkerhetsstillelse		-188	-219	-823	-1 068	-1 466
Skattekostnad		-1 145	-1 259	-5 466	-4 443	-5 050
Renteinntekt/kostnad		15	8	53	5	10
Annen inntekt/kostnad		-	-6	-	-8	-13
Porteføljeresultat før gevinst/tap valuta		236 439	173 548	1 231 061	170 138	-485 192
Gevinst/tap valuta	9	348 997	-45 768	251 113	-181 264	223 611
Porteføljeresultat		585 436	127 780	1 482 174	-11 126	-261 581
Forvaltningsgodtgjøring	10	-1 200	-1 059	-3 299	-3 567	-4 544
Resultat og totalresultat		584 237	126 721	1 478 875	-14 693	-266 126

Balanse

Beløp i millioner kroner	Note	30.09.2019	31.12.2018
Eiendeler			
Innskudd i banker		10 121	11 561
Utlån med sikkerhetsstillelse		145 845	216 768
Avgitt kontantsikkerhet		1 287	1 806
Uoppgjorte handler		39 785	13 767
Aksjer	5	6 177 958	5 048 647
Utlånte aksjer	5	552 513	437 651
Obligasjoner	5	2 470 305	1 996 929
Utlånte obligasjoner	5	319 015	662 920
Finansielle derivater	5	4 070	3 576
Unotert eiendom	6	267 111	243 818
Andre eiendeler		3 176	3 448
Sum eiendeler		9 991 186	8 640 892
Gjeld og eiers kapital			
Innlån med sikkerhetsstillelse		190 984	360 105
Mottatt kontantsikkerhet		6 940	5 017
Uoppgjorte handler		48 470	15 565
Finansielle derivater	5	2 694	4 222
Annen gjeld		224	37
Skyldig forvaltningsgodtgjøring	10	3 299	4 544
Sum gjeld		252 610	389 491
Eiers kapital		9 738 576	8 251 401
Sum gjeld og eiers kapital		9 991 186	8 640 892

Kontantstrømoppstilling

Beløp i millioner kroner, innbetaling (+) / utbetaling (-)	Note	Hittil i år 30.09.2019	Hittil i år 30.09.2018	2018
Operasjonelle aktiviteter				
Innbetaling av utbytte fra aksjer		139 651	120 176	146 082
Innbetaling av renter fra obligasjoner		51 672	52 842	70 360
Innbetaling av renter og utbytte fra unotert eiendom	6	3 711	3 721	5 822
Netto innbetaling av renter og honorar fra utlån og innlån med sikkerhetsstillelse		2 017	2 829	3 330
<i>Innbetalinger av utbytte, renter og honorar fra beholdninger i aksjer, obligasjoner og unotert eiendom</i>		197 052	179 568	225 594
Netto kontantstrøm ved kjøp og salg av aksjer		-221 817	-116 346	-345 478
Netto kontantstrøm ved kjøp og salg av obligasjoner		124 357	-51 014	36 052
Netto kontantstrøm til/fra investeringer i unotert eiendom	6	-8 377	-3 004	-8 638
Netto kontantstrøm finansielle derivater		219	9 460	11 494
Netto kontantstrøm kontantsikkerhet ved derivattransaksjoner		2 930	537	-1 685
Netto kontantstrøm utlån og innlån med sikkerhetsstillelse		-95 122	-19 088	59 834
Netto utbetaling av skatt		-6 292	-3 945	-4 343
Netto kontantstrøm knyttet til renter på innskudd i banker og kassekreditt		30	-7	-14
Netto kontantstrøm knyttet til annen inntekt/kostnad, andre eiendeler og annen gjeld		256	43	263
Utbetaling forvaltningsgodtgjøring til Norges Bank ¹	10	-4 544	-4 728	-4 728
Netto innbetaling/utbetaling fra operasjonelle aktiviteter		-11 310	-8 523	-31 650
Finansieringsaktiviteter				
Tilførsel fra den norske stat ²		16 380	14 055	42 320
Uttak fra den norske stat ²		-7 017	-9 799	-9 799
Netto innbetaling/utbetaling fra finansieringsaktiviteter		9 363	4 256	32 520
Netto endring innskudd i banker				
Innskudd i banker per 1. januar		11 561	11 027	11 027
Netto økning/reduksjon av kontanter i perioden		-1 947	-4 267	870
Netto gevinst/tap valuta på kontanter		507	-193	-336
Innskudd i banker per periodens slutt		10 121	6 567	11 561

¹ Forvaltningsgodtgjøringen som fremkommer i *Kontantstrømoppstillingen* for en periode er oppgjør av godtgjøring påløpt og resultatført i forrige år.

² Tilførsel/uttak inkluderer her kun de overføringene som er gjort opp i perioden. Tilførsel/uttak i *Oppstilling av endringer i eiers kapital* er basert på opptjent tilførsel/uttak.

Oppstilling av endringer i eiers kapital

Beløp i millioner kroner	Tilført fra eier	Opptjente resultater	Sum eiers kapital
1. januar 2018	3 332 540	5 151 187	8 483 727
Resultat og totalresultat	-	-14 693	-14 693
Tilførsel i perioden ¹	14 300	-	14 300
Uttak i perioden ¹	-9 400	-	-9 400
30. september 2018	3 337 440	5 136 494	8 473 934
1. oktober 2018	3 337 440	5 136 494	8 473 934
Resultat og totalresultat	-	-251 433	-251 433
Tilførsel i perioden	28 900	-	28 900
31. desember 2018	3 366 340	4 885 061	8 251 401
1. januar 2019	3 366 340	4 885 061	8 251 401
Resultat og totalresultat	-	1 478 875	1 478 875
Tilførsel i perioden ¹	15 500	-	15 500
Uttak i perioden ¹	-7 200	-	-7 200
30. september 2019	3 374 640	6 363 936	9 738 576

¹ I de tre første kvartalene av 2019 ble 15,5 milliarder kroner tilført kronekontoen, mens 11,7 milliarder kroner ble trukket fra den. Av dette ble 4,5 milliarder kroner benyttet til å betale skyldig forvaltningsgodtgjøring for 2018 og netto 7,2 milliarder kroner ble overført til investeringsporteføljen. I de tre første kvartalene av 2018 ble 14,3 milliarder kroner tilført kronekontoen, mens 14,1 milliarder kroner ble trukket fra den. Av dette ble 4,7 milliarder kroner benyttet til å betale skyldig forvaltningsgodtgjøring for 2017.

Norges Banks hovedstyre
Oslo, 23. oktober 2019



Øystein Olsen
leder av hovedstyret



Jon Nicolaisen
første nestleder for hovedstyret



Egil Matsen
andre nestleder for hovedstyret




Kristine Ryssdal
styremedlem




Kjetil Storesletten
styremedlem



Karen Helene Ulltveit-Moe
styremedlem



Kathryn Moore Baker
styremedlem



Steinar Juel
styremedlem

Norges Bank Investment Management



Yngve Slyngstad
Leder for Norges Bank Investment Management

Noter til regnskapsrapportering

Note 1 Generell informasjon

Innledning

Norges Bank er sentralbanken i Norge. Norges Bank forvalter Statens pensjonsfond utland (SPU) på vegne av Finansdepartementet i henhold til lov om Statens pensjonsfond § 2 annet ledd og mandat for forvaltning av Statens pensjonsfond utland (*forvaltningsmandatet*), fastsatt av Finansdepartementet.

SPU skal støtte statlig sparing for finansiering av fremtidige utgifter og underbygge langsiktige hensyn ved bruk av Norges petroleumsinntekter. Stortinget har fastsatt rammene i lov om Statens pensjonsfond, og Finansdepartementet har det formelle ansvaret for fondets forvaltning. Hovedstyret i Norges Bank har delegert gjennomføringen av forvaltningsoppdraget til Norges Bank Investment Management (NBIM).

Finansdepartementet har plassert fondsmidlene til forvaltning i SPU som et kroneinnskudd på en særskilt konto i Norges Bank (*kronekontoen*).

Banken skal i eget navn videreplassere kronekontoen i en investeringsportefølje bestående av aksjer, rentepapirer og fast eiendom. SPU er i sin helhet investert utenfor Norge.

I henhold til forvaltningsmandatet foretas overføringer til og fra kronekontoen. Når Statens petroleumsinntekter overstiger Statens oljepengebruk over statsbudsjettet vil det gjøres innskudd på kronekontoen. I motsatte tilfeller vil det gjøres uttak. Overføringer til og fra kronekontoen medfører en tilsvarende endring i *Eiers kapital*.

Godkjenning av kvartalsregnskapet

Kvartalsregnskapet til Norges Bank for tredje kvartal 2019, som kun omfatter regnskapsrapporteringen for SPU, ble godkjent av hovedstyret 23. oktober 2019.

Note 2 Regnskapsprinsipper

Grunnlag for utarbeidelse av kvartalsregnskapet

Forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank (forskriften), som er fastsatt av Finansdepartementet, angir at regnskapsrapporteringen for SPU skal utarbeides i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) som fastsatt av EU.

Det sammendratte delårsregnskapet for tredje kvartal 2019 er utarbeidet i samsvar med IAS 34 *Delårsrapportering*, med de tillegg og unntak som følger av forskriften. Kvartalsregnskapet er presentert i norske kroner og avrundet til nærmeste million. Avrundingsdifferanser kan forekomme.

Med unntak for det beskrevet nedenfor, er kvartalsregnskapet utarbeidet basert på de samme regnskapsprinsippene og beregningsmetodene som ble benyttet og opplyst om i årsrapporten for 2018. Fordi et sammendratte kvartalsregnskap ikke inneholder all informasjon og tilleggsopplysninger som må gis i et årsregnskap, bør det leses i sammenheng med årsrapporten for 2018.

IFRS 16 *Leieavtaler* som omhandler innregning av leieavtaler og tilhørende noteopplysninger, ble implementert av Norges Bank 1. januar 2019 og erstattet da IAS 17 *Leieavtaler*. Implementeringen av IFRS 16 hadde ingen virkning på regnskapsrapporteringen for SPU.

Vesentlige estimater og skjønnsmessige vurderinger

Utarbeidelsen av kvartalsregnskapet innebærer bruk av usikre estimater og forutsetninger knyttet til fremtidige hendelser som påvirker regnskapsførte beløp for eiendeler, forpliktelser, inntekter og kostnader. Estimater fastsettes basert på tidligere erfaringer og reflekterer ledelsens forventninger om fremtidige hendelser. Faktiske utfall kan avvike fra estimatene. Utarbeidelsen av kvartalsregnskapet innebærer også skjønnsmessige vurderinger i forbindelse med anvendelsen av regnskapsprinsipper, som kan ha betydelig innvirkning på regnskapet.

I tilfeller hvor det foreligger spesielt usikre estimater eller skjønnsmessige vurderinger, er dette omtalt i de respektive notene. For ytterligere informasjon vises det til de relevante notene i årsrapporten for 2018.

Note 3 Avkastning

Tabell 3.1 Avkastning

	3. kvartal 2019	3. kvartal 2018	Hittil i år 30.09.2019	Hittil i år 30.09.2018	2018
Avkastning målt i fondets valutakurv (prosent)					
Aksjeinvesteringenes avkastning	1,27	3,15	17,04	3,58	-9,49
Renteinvesteringenes avkastning	2,36	-0,33	8,53	-0,72	0,56
Unotert eiendoms avkastning	1,56	1,89	4,14	6,38	7,53
Fondets avkastning	1,59	2,05	14,10	2,33	-6,12
Fondets relative avkastning (prosentpoeng)	0,01	-0,21	-0,02	-0,24	-0,30
Avkastning målt i norske kroner (prosent)					
Aksjeinvesteringenes avkastning	6,06	2,62	20,98	1,10	-6,56
Renteinvesteringenes avkastning	7,20	-0,83	12,18	-3,10	3,82
Unotert eiendoms avkastning	6,36	1,38	7,64	3,83	11,02
Fondets avkastning	6,39	1,53	17,94	-0,13	-3,07

For nærmere informasjon om beregningsmetodene i avkastningsmålingen, se note 3 *Avkastning* i årsrapporten for 2018.

Note 4 Inntekt/kostnad fra aksjer, obligasjoner og finansielle derivater

Tabell 4.1 til 4.3 spesifiserer inntekts- og kostnadselementer for henholdsvis *Aksjer*, *Obligasjoner* og *Finansielle derivater*, hvor linjen

Inntekt/kostnad viser beløpet innregnet i resultatregnskapet for den aktuelle resultatlinjen.

Tabell 4.1 Spesifikasjon av Inntekt/kostnad fra aksjer

Beløp i millioner kroner	3. kvartal 2019	3. kvartal 2018	Hittil i år 30.09.2019	Hittil i år 30.09.2018	2018
Utbytte	41 809	34 695	143 399	122 530	147 630
Realisert gevinst/tap	23 742	41 219	70 524	168 851	190 643
Urealisert gevinst/tap	98 031	99 677	794 459	-118 226	-855 488
Inntekt/kostnad fra aksjer før gevinst/tap valuta	163 582	175 591	1 008 382	173 155	-517 214

Tabell 4.2 Spesifikasjon Inntekt/kostnad fra obligasjoner

Beløp i millioner kroner	3. kvartal 2019	3. kvartal 2018	Hittil i år 30.09.2019	Hittil i år 30.09.2018	2018
Renter	17 522	17 516	50 374	51 177	69 505
Realisert gevinst/tap	19 522	-2 576	29 269	-8 287	-17 918
Urealisert gevinst/tap	32 198	-20 483	134 557	-58 517	-37 020
Inntekt/kostnad fra obligasjoner før gevinst/tap valuta	69 242	-5 543	214 200	-15 627	14 568

Tabell 4.3 Spesifikasjon av Inntekt/kostnad fra finansielle derivater

Beløp i millioner kroner	3. kvartal 2019	3. kvartal 2018	Hittil i år 30.09.2019	Hittil i år 30.09.2018	2018
Renter	1 023	185	1 250	497	541
Realisert gevinst/tap ¹	-284	46	281	1 091	2 187
